

AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS

Møteprotokoll

Aust-Agder museum og arkiv IKS
Stad: Cafe Ibsen, Løkkestreet 7, Grimstad
Dato: 30.03.2017

Faste medlemmer som møtte:

Per Norstrøm
Kristin Lundby
Ragnhild Sigurdsøn
Kirsten Bråten Berg
Leonhard Bjarne Jansen
Monika Kurszus Håland

Faste medlemmer som ikkje møtte/melde forfall:

Svenn Roar Larsen
Vidar H. Homme

Vara medlemmer som møtte:

Andre som møtte:

Sverre Ferd
Olav Haugsevje (referent)

Frå administrasjonen møtte:

Jan Ledang
Magne Aanesland

Grimstad 30.03.2017

Jan Ledang
Direktør

Godkjenning møteprotokoll:

	Ragnhild Sigurdsøn	Kirsten Bråten Berg
sett 	Monika Kurszus Håland
	Leonhard Jansen

AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS

Møteprotokoll

Aust-Agder museum og arkiv IKS
Stad: Cafe Ibsen, Løkkestreet 7, Grimstad
Dato: 30.03.2017

Faste medlemmer som møtte:

Per Norstrøm
Kristin Lundby
Ragnhild Sigurdson
Kirsten Bråten Berg
Leonhard Bjarne Jansen
Monika Kurszus Håland

Faste medlemmer som ikkje møtte/melde forfall:

Svenn Roar Larsen
Vidar H. Homme

Vara medlemmer som møtte:

Andre som møtte:

Sverre Ferd
Olav Haugsevje (referent)

Frå administrasjonen møtte:

Jan Ledang
Magne Aanesland

Grimstad 30.03.2017

Jan Ledang
Direktør

Godkjenning møteprotokoll:

.....

.....

.....

AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS

Saksliste: Innhald:

Sak 09/17 **Innkalling og saksliste**
Godkjent

Sak 10/17 **Godkjenning av protokoll frå møte den 23.02.17**
Godkjent

Sak 11/17 **Informasjon frå direktør og styreleiar**
Saker:

- Styreleiar viste til notat om økonomien. Det omhandlar den økonomiske situasjonen for AAmA og er sendt til fylkesrådmannen.
- Personalnytt. Direktøren orienterte om tilsette som går av og om nye tilsette/ vikarar.
- AAmA går i dialog med kommunane med eigne museum om tilbod på kompetanse i staden for økonomiske midlar.
- Utstillingar: 14 ulike utstillingar og fornyingar av utstillingar er under arbeid.
- Foredrag og kåseri: Det er gjennomført 5-6 foredrag om Erik Munk, 5 Apropos-arrangement i Grimstad og tre kulturarrangement på KUBEN denne våren.
- Andre prosjekt: AAmA har 10 ulike prosjekt under arbeid som særleg gjeld formidling og markeringar rundt om i fylket.
- Anna: Tre gratis-museum som prøveordning i 2017: Sylvartun, Bygland museum og Vegusdal bygdemuseum. Det er behov for bygningsvedlikehald på Merdø. AAmA deltek på landbruksmessa «Naturligvis».
- Internt: Orientering om sommaravvikling, om personalpolitisk plan som er ferdigstilt og er ute til høyring, og om fellestur for alle AAmA-tilsette til Setesdal 12.-13. juni.
- Det vart orientert om *Valle kommunes* sal av Oppistog Rysstad og om sakshandsaminga til kommunen.
- Arbeidet med skilting til musea i Setesdal held fram.

Sak 12/17 **Saker til orientering/drøfting**

Lagerleige på Evjemoen

Det er behov for kaldlager. Ein midlertidig løysing er eit lagerbygg på Evjemoen på 600 m² med heis og fasilitetar. Leiga er 3000,- i månaden. Fullmakt frå styret: Direktøren kan lage avtale utan ny handsaming av styret.

Framdrift i arbeidet med strategiplan for AAmA

Ei arbeidsgruppe har sett på strukturar i strategiplanar frå andre kulturinstitusjonar. Arbeidet held fram i utvida leiargruppe. Dokumentet skal vera levande, og vera kjent av alle tilsette. Styret vil bli orientert og få saka til godkjenning i november.

AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS

Drøftingar med AVINOR Kjevik om utstillingar i terminalbygget

Terminalbygget på Kjevik er utvida. Lokalet skal fyllast med positivt innhald, og ikkje berre kommersiell verksemd.

Styret sitt innspel: I fyrste omgang kunne ein lage ei fotoutstilling.

Moglege konsekvensar av fylkessamanslåing

AAma stiller seg positivt avventande til kva som skjer i samband med ei eventuell fylkessamanslåing.

Sak 13/17 Godkjenning av profilmanual for AAmA

Sverre Ferd frå *Edge Advice* var invitert for å syne fram forslaget til profilmanual for AAmA.

Vedtak:

Styret godkjenner ny logo med profilmanual for Aust-Agder museum og arkiv IKS. Profilmanualen skal brukast gjennomgåande for heile organisasjonen frå og med den 13. juni 2017.

Sak 14/17 Godkjenning av sal av parsell ved Håvet 50.

Vedtak:

Styret godkjenner sal av parsell ved Håvet 50 for 15 000,-. Kjøpar dekkjer alle kostnadane ved kjøpet. Saka vert vidaresendt til representantskapet for endeleg godkjenning.

Sak 15/17 Eventuelt

Ressursbehov på Eydehavn Museet

Saka gjeld vedlikehald av basis/ hovudutstilling ved Eydehavn Museet.

Faktiske feil på eksisterande plakatar skal òg rettast opp.

Vedtak:

Styret godkjenner som nemnt ovanfor vedlikehaldet av utstilling til kr. 50 000.

Vidare godkjenner styret følgjande budsjettendring for 2017

Vedlikehald utstilling	(driftsrekneskap)	÷ kr 50 000
Bruk disposisjonsfond	(driftsrekneskap)	÷ kr 50 000